



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eirik Brynjelsen, 5557 2170

Nominasjon til nasjonal jordvernpris 2025 frå Vestland

Statsforvaltaren i Vestland syner til oppdragsbrev, sak på Landbruks- og matdepartementet sine sider 27.03.25 og statuttane for nasjonal jordvernpris frå 2016. Vi ber om orsaking for sein innsending grunna stor saksmengd, men vonar desse gode kandidatane kjem med i vurderinga likevel.

Formålet med prisen er å auke fokus på jordvernet. Målgruppa for prisen er fylkeskommune eller kommunar som tek aktive grep i regionale planar og i kommune- og reguleringsplanar og få fram gode idear og døme på tiltak, planar og strategiar for å ta vare på dyrka mark.

Sidan bakgrunnen for nominasjon til jordvernprisen ofte vil vere «ferskvare», vil Statsforvaltaren i Vestland fremje to, uavhengige kandidatar til årets nasjonale jordvernpris, høvesvis

- 1. Etne kommune, for ein for jordvernet eksepsjonelt god og effektiv kommuneplanprosess 2022-23, og*
- 2. Vestland fylkeskommune, for utarbeiding av ei nettbasert arealrekneskapsløyising for kommunane i fylket, inkludert støtte til utarbeiding og implementering av arealrekneskap i kommuneplanprosessane*

1. Etne kommune hadde ein særst gamal kommuneplan frå 2003 gjeldande (samfunnsdel 2016), då dei etter at fleire forsøk/oppstartar, kommunestyre- og personalutskiftingar etter det Statsforvaltaren forstår i praksis restarta arbeidet med ny arealdel tidleg i 2022. Første framlegg til ny plan vart sendt på høyring 20.07.23, og vart som einaste framlegg til arealdel i fylket sidan midten av 2022 til dd. *ikkje* møtt med motsegn frå Statsforvaltaren med bakgrunn i jordvernet til 1. gongs høyring. Ny arealdel til kommuneplanen vart endeleg vedteken 10.12.24.



Utover dette femna planen og planprosessen ein del grep og føresetnader som gjer at Statsforvaltar finn Etne sin kommuneplan og -prosess den klårt mest jordvernvenlege i fylket dei siste åra, og Etne ein føregangskommune og eit døme for andre kommunar i fylket:

- Planprosessen har frå byrjinga vist særskilt, politisk sut for jordvernet, der dette i stort har vore ein føresetnad for og ei ramme rundt anna samfunnsutvikling. Dette er både uttalt frå administrasjonen og vist i fleire av grepa ein har gjort og verktya ein har brukt i planen.
- Grunna lange, utsette og restarta planprosessar, opplever kommunane ofte at «nye» krav kjem til mellom dei forskjellige plannivåa frå planstrategi til arealdel. Statsforvaltaren i Vestland innførte frå årskiftet 2021/22 eit krav om «arealrekneskap eller anna oversikt over omdisponeringspotensialet for jordbruksareal i plan», som kunnskapsgrunnlag for lokal forvaltning av jordvernet, og som utgreiingskrav i høve ma. Forvaltningslova §17. Då Etne kommune såleis «plutseleg» vart konfrontert med dette kravet ved første gangs høyring, snudde kommunen seg rundt og produserte i løpet av få dagar og ved eksepsjonell innsats ei høgst tilfredsstillande oversikt, slik at Statsforvaltaren slapp å reise motsegn med bakgrunn i jordvernet. Oversikta vart utarbeidd manuelt, då Etne, som andre, mindre kommunar, mangla tekniske ressursar, og Vestland fylkeskommune sine arealrekneskapstenester til kommunane enno ikkje var operative (under).
- Planen innebar ein omfattande «planvask» på alle slag tema, herunder revurdering av gamle byggeføremål på dyrka mark og relativt omfattande tilbakeføring av planområde til LNF. Dette i tida før Statsforvaltaren eigentleg hadde fått etablert ein tilfredsstillande promotering av planvask i kommuneplanprosessane. Totalt jordbruksareal tilbakeført frå byggeføremål til LNF vart berekna av Etne stort 85,6 daa, estimert om lag 14 % av total, gamal planreserve eller tilsvarende 62 % av omdisponeringspotensialet for dei viktigaste byggeføremåla i ny plan.
- I ny kommuneplan 2024 femner byggeføremål i arealdelen framleis 535 daa jordbruksareal, men det er verdt å merke seg at heile 212 daa ligg i føremål råstoffutvinning, og er gjerne ikkje spesielt aktuelle for realisering. Bustadføremål femner totalt 83 daa jordbruksareal, men desse er i all hovudsak konsentrert i Etne og Skånevik sentrum og byggefelta rundt desse. Det same gjeld i all hovudsak for totalt 55 daa Næring, tenesteyting, handel og turisme. Sentrum nytting, byggefelt bratt/marginalt.



- Etne har i kommuneplanen gjort store grep for avgrensing av LNFR spreitte føremål, både i kart og føresegner. Mest slåande (og arbeidskrevjande) er kartavgrensing av LNFRS-område til faktiske (og planlagte) hus og tomtar, inkludert tilførselsvegar (illustrert i vedlagt presentasjon), eit plangrep dei etter eige utsagn har kopiert frå nabokommunen Kvinnherad.



Store LNFRS-område som femner «heile grendene» er ofte eit problem i gamle kommuneplanar, spesielt i kombinasjon med manglande avgrensingar i føresegner. Statsforvaltar meiner slike gir dårlege signal om framtidige jordressursar og driftstilhøve for jordbrukarar som faktisk skal satse for generasjonar, og arbeider alltid for meir realistisk og jordvernsmessig oppdatert avgrensing av desse i kommuneplanprosessane, sjølv om dette er litt «overkill».

- Etne har også gått til den sterkaste avgrensinga av LNFRS i *føresegnene* av nokon kommuneplan i fylket, med følgjande:
 - o pkt. 2. Det skal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller samanhengande skogsområde av høg bonitet jf. jordlova §9.
 - o pkt. 3. Nye bustadar skal primært nytte eksisterande vegtilkomst. Ved anna tilkomst skal det ikkje byggjast veg på dyrka mark jf. jordlova §9.
 - o pkt. 6. Nye tiltak skal ikkje punktere jordbruks- eller kulturlandslandskapet og skal plasserast slik at arronderinga til landbrukseigedomane ikkje blir dårlegare enn før tiltaket (PBL §20-4).
- I tillegg er følgjande i føresegnene følgjande ført som vilkår for høvesvis landbrukstilknytt bygging i LNF og som vilkår for unntak frå krav om plan (PBL §11-10 nr. 1):
 - o «Tap av dyrka mark til bustad eller tilkomstveg må erstattast med nytt dyrka areal (PBL §11-11 nr. 1).»
 - o «Dyrka eller dyrkbar mark, skal ikkje nyttast til bustad, fritidsbustad, vegframføring eller andre utbyggingsføremål som kan leggjast andre stadar.»

Etne kommune har vidare den høgste delen jordbruksareal i drift av nokon kommune i Vestland. Heile 90 % av jordbruksareala i kommunen er det registrert omsøkt arealtilskot for, mot 78 % for fylket. Landbrukskontoret i Etne vil rett nok ikkje ta æra for dette, men tilskriv det ei særskilt aktiv og offensiv landbruksnæring. Med bakgrunn i at Etne også har fylket sitt kvantitativt og kvalitativt (breiast kva gjeld produksjonar) mest produktive jordbruk i høve tilgjengeleg jordbruksareal, er det gjerne mykje rett i det.



2. Vestland fylkeskommune har i mange år vore gode på regional plan, nærings- og statistikkutvikling, og har med bakgrunn i dette definert seg og tatt ei rolle som vegvisar, tilretteleggar og verktysutviklar for kommunane. Regional temaplan for landbruk inkluderer regional jordvernstrategi og eit tverrpolitisk vedteke regionalt jordvernmål på 180 daa/år, tilsvarande fylket sin del av nasjonalt jordvernmål, basert på jordbruksareal.

Jordvernmålet kan vere vanskeleg å kommunisere og ekstrapolere vidare til kommunane, om ikkje fylkeskommunen skal framstå som «overkommune», ei problemstilling Vestland fylkeskommune handterer godt.

Sjølv om Statsforvaltar aktivt byrja promotere «arealrekneskap eller anna oversikt over omdisponeringspotensialet for jordbruksareal i plan» som kunnskapsgrunnlag og utgreiingskrav (over) i 2021, vil vi påstå at Vestland fylkeskommune si utvikling av arealrekneskapsløysing og -tenester knytt til kommunplanprosessane som verkeleg har vekt interessa hjå kommunane i fylket. Forutan å hjelpe små (og store) kommunar, ofte med avgrensa kompetanse, personal- og tekniske ressursar til å implementere arealrekneskap i kommuneplanprosessen, har dei også her utvikla ei løysing som er rimeleg lett tilgjengeleg og praktisk brukande, til hjelp for alle som av profesjonell eller personleg interesse treng eller ønskjer å sjå kva som ligg i gjeldande kommuneplanar i fylket, når det gjeld jordvern, så vel som andre samfunnsinteresser og arealtypar. Ikkje minst finn vi hjå Statsforvaltaren det om lag like lett vint og eigna å bruke som kunnskapsgrunnlag for nedbyggingspotensiale for jordbruksareal som td. NIBIO Arealbarometer er for kunnskapsgrunnlag for jordressurs og landbruksdrift i kommunikasjonen i kommuneplanprosessane. Vi reknar at fylkeskommunen med dette verktøyet har framskynda bruken av arealrekneskap i kommuneplanprosessane i fylket med fleire år, og med det også framskote vidare arbeid med fremjing og implementering av planvask i kommuneplanprosessane.

Lenke til **Vestland Arealrekneskap** er

<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/apps/dashboards/9097ec761f3f420daf3e6190ef38e6e3> Vel inne kan ein velge kommune, antatt planreserve i siste kommuneplan (realisert (rest jordbruksareal)/ubyggd/alt), plankjelder, arealføremål og arealtypar (også ved å trykke på/velje ein eller fleire søyler til venstre), samt ei rekke meir avanserte funksjonar. Alt vert samstundes vist med fargekodar i kart, noko som gir kjapp oversikt over aktuelle (problem)område og dimed utfordringar i frå gamal plan i arbeidet med ny. Sentrale område i Etne, sortert på byggeføremål og jordbruksareal som døme *under*, sjølv om kommunen som nemnt over, ikkje hadde tilgang på dette verktøyet i 2023.

